

Eigentleg kunne han tenkt seg at det blei sett opp skilt ved Nordhordlandsbrua: "Du køyrer no inn i eit område med auka ulukkesrisiko".

– Ein skilte jo for hjort, elg, skarp sving og mykje anna. Kvifor ikkje skilta med fare for ulukker når me veit at faren er høgare? spør Medaas.

Sjølv meiner han at folk bør vera ekstra merksame når dei køyrer på desse vegane. Rett opp stolryggen. Pass på at setebeltet går over hoftene, ikkje magen.

– Belte over magen kan føra til store indre skadar. Mellomrom mellom nakke og nakkestøtte aukar faren for nakkesleng, ein skade som kan forfølgja deg resten av livet.

Ungdommeleg overmot, Kong Alkohol, dårlege vegar, for høg fart, vêrforhold, narko- eller tabletrus: Årsakene til trafikkulukker er mange. Ved å jobba med førebygging håpar Medås å redusera ulukkesrisikoen.

– Alle gode krefter må jobba saman om dette. Me har alle eit ansvar. Det betyr òg at me har eit ansvar når me ferdast ute i trafikken, seier Medaas.

Den erfarne brannmannen vil at me skal gjera minst éin snill ting i trafikken kvar dag: Sleppa nokon inn, stoppa ein gong for mykje heller enn ein gong for lite. Igjen handlar det om å gjera noko for andre. Gjer du det, kan du vera relativt trygg på at du òg er med på å gjera godt for deg sjølv.

– Me ser at trafikken kan vera nådelaus. Du kan ha køyrt som ein konge eller dronning heile livet. Likevel er det berre éin liten tabbe som skal til. Ein tabbe kan endra både ditt og andre sitt liv for alltid.